



MØTEBOK

Organ	Kontrollutvalet
Møtestad	Fylkeshuset, Hermansverk
Møtedato	02.09.2019
Kl.	10:00 – 14:00

Faste medlemer til stades: Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Klaus Iversen, Lise-May Sæle

Forfall til møtet: Karoline Bjerkeset

Varamedlemer til stades: Frode Bøthun (gjekk inn som medlem i møtet)

Til stades med møte- og talerett: Fylkesrådmannen: Paal Fosdal, sak 40/19; Ingebjørg Erikstad, sak 43/19; Frode Grøttebø, sak 44/19

SF revisjon IKS: Marianne Vara, sak 40/19

Deloitte AS: Kari Gåsemyr, sak 39/19 pkt. 3

Sekretariat for møtet: Einar Ulla

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes at fellesinformasjonen i sak nr. 46/19 delvis vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 2, då det kom fram teiepliktige opplysningar i møtet.

Møtet vart gjennomført som fellesmøte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune kl. 10.00 – 12.00 (video), der sakene 39/19 pkt. 1 og 2, 41/19, 42/19 og 46/19 vart drøfta.

SAK 39/19 Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 2. september 2019

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart behandla i møtet:

1. Orientering om status i arbeidet med regionreforma v/Prosjektleiar/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune Rune Haugsdal

Prosjektleiar orienterte om status i arbeidet med etableringa av Vestland fylkeskommune. Det vart også fokusert på utfordringar framover. Orienteringa vart teken til vitande.

2. Artikkel i NRK 20. august 2019 om dei nye bompengeselskapa

Pengebruken i offentleg eigde bompengeskap vart diskutert på bakgrunn av medieoppslag og NRK si kontakt mot kontrollutvalsleiar i Hordaland fylkeskommune. Kontrollutvala diskuterte seg fram til eit vedtakstekst, som begge utvala fekk til behandling i sine respektive møte.

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde slikt samrøystes vedtak i saka:

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, saman med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, ber Deloitte om å lage forslag til ein prosjektplan på gjennomføring av ein selskapskontroll av Ferde AS og Skyttel AS.
 2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
 3. Forslag til prosjektplan vert levert sekretariatet innan 13.09.19.
 4. Leiar i kontrollutvalet får fullmakt, i samråd med sekretariatet, til å godkjenne prosjektplanen.
 5. Dei andre eigarane vert orientert om at selskapskontrollen vert sett i gang og invitert til å delta.
3. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte,
 - a. FR Trivselshagen IKS

Prosjektet er i god gang. Det er gjennomført intervju. Rapport vert sendt til verifisering/høyring i løpet av kort tid. Det er etter planen eit mål å verte ferdig med rapporten innan 16. september. Den kan bli forseinka. Deloitte vil ta kontakt med kontrollsjeff for å finne ei god løysing for å få saka klar til neste møte i kontrollutvalet, som er 1. oktober.

4. Revisjonsplan finansiell revisjon v/SF revisjon IKS

Dette punktet vart utsett til neste møte

5. Informasjon frå FKT (19/5278)

- a. Att. Sekretariat og kontrollutvalg i sammenslåingskommuner – videreføring av medlemskapet

Informasjonen vart teken til vitande

- b. Valg av kontrollutvalg for perioden 2019 – 2023

Informasjonen vart teken til vitande

6. Informasjon frå NKRF

- a. eINFO 19/5 – Folkevalgtopplæring etter lokalvalget

Informasjonen vart teken til vitande

7. Orientering frå kontrollutvalsleiar og kontrollsjef

Kontrollsjef orienterte om status i arbeidet med saken om kontrollhandlingar rundt forhandlingsprosessen mellom BKK og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Status vart teken til vitande.

SAK 40/19 Kontroll av reiserekningar på politisk nivå

Dette gir følgjande VEDTAK:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slike vedtak:

1. Fylkestinget tek rapport etter kontroll av reiserekningar på politisk nivå til etterretning
 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at legitimering av formål med, og førehandsgodkjenning av reiser får fokus ved utarbeiding av rutinar og retningslinjer for yrkesreiser i den nye fylkeskommunen
 3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at:
 - a. Program, invitasjon og andre forklarande dokument skal leggjast ved under opplastingsfunksjonen «Generelle dokument» i startskjermbiletet i reiserekningssystemet (første skjermplate)
 - b. Eventuell godkjenning og kven som har gitt denne skal gå fram som skriftleg kommentar frå den som krev refusjon i sluttskjermbiletet
 4. Tiltaka 3a og 3b vert innført og presisert for alle brukarar av reiserekningssystemet i dagens fylkeskommune
-

SAK 41/19 Budsjett for kontollarbeidet i Vestland fylkeskommune for 2020

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettframlegga for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune for 2020 slik dei ligg føre.
 2. Dei endelige budsjettforslaga vert å sende prosjektrådmann for vidare handsaming.
-

SAK 42/19 Reglement for kontrollutvalet

**Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda vedtek «Reglement for kontrollutvalet», slik det ligg føre.
2. Fellesnemnda oppmodar om at rettar for kontrollutvalsmedlemar som ikkje har sete i fylkestinget, relatert til gruppemøte før fylkestingssete, vert vurdert og innarbeidd i «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune». Dette med utgangspunkt i innspel og moment som går fram av saksframlegg og handsaming i møter i denne saka.

Endringsframlegg som kom fram i fellesmøtet mellom kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Det kom endringsframlegg til punkt 1, tredje kulepunkt. Teksten vart endra til:

- Leiar og fleirtalet i kontrollutvalet skal ikkje vere medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som fylkesordføraren

Endringa vert implementert i reglementet før det vert sendt til fellesnemnda.

Avrøysting:

Tilrådinga frå kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune og endringsframlegget som kom fram i møtet vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda vedtek «Reglement for kontrollutvalet», slik det ligg føre.
 2. Fellesnemnda oppmodar om at rettar for kontrollutvalsmedlemar som ikkje har sete i fylkestinget, relatert til gruppemøte før fylkestingssete, vert vurdert og innarbeidd i «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune». Dette med utgangspunkt i innspel og moment som går fram av saksframlegg og handsaming i møter i denne saka.
-

SAK 43/19 Forvaltningsrevisjon - Musea i Sogn og Fjordane - oppfølging av vedtak i FT-sak 3/18

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Tilbakemeldingane frå fylkesrådmannen 22. august 2019 vert tekne til vitande
 2. Kontrollutvalet vurderer med dette forvaltningsrevisjon av musea i Sogn og Fjordane til å vere ferdig oppfølgt
-

SAK 44/19 Forvaltningsrevisjon - Utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule - oppfølging av vedtak i FT-sak 45/18

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek fylkesrådmannen sitt notat som viser at oppfølgingspunkta i fylkestinget sitt vedtak i sak 45/18 er gjennomført, til vitande
 3. Kontrollutvalet vurderer med dette forvaltningsrevisjonen av utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule til å vere ferdig oppfølgt
-

SAK 45/19 Oppfølging av arbeidet i kontrollutvalet 2. september 2019

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Oppfølgingsliste 5 – 2019 vert teken til vitande
-

SAK 46/19 Val av revisor for Vestland fylkeskommune - Tiltråding frå kontrollutvalet

**Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune vel som revisor frå 01.01.2020 til 30.06.2024.

Kontrollutvalet vedtok samråystes at sak fellesinformasjonen i sak nr. 46/19 delvis vart handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 2, då det kom fram teiepliktige opplysningar i møtet.

Endringsframlegg som kom fram i møtet:

1. Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.01.2020 til 30.06.2024.

Avrøysting:

Endringsframlegget vart samråystes vedteke

Dette gir følgjande VEDTAK:

Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

2. Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.01.2020 til 30.06.2024.